

Til Alver kommune.

Lindås 25.03.2023

## Planarbeid for Lindås lokalsenter

Til dette brevet høyrer 3 vedlegg.

- Vedlegg 1: Bygdelaget sitt innspel til ny arealplan for Alver kommune.
- Vedlegg 2: Bygdelaget sin etterlysing av svar/tilbakemelding på korleis innspelet vart vurdert.
- Vedlegg 3: Svar frå Alver kommune på spørsmål i vedlegg 2.

Angående vedlegg 1. Innspelet vårt her gjeld to tilhøve:

Pkt. 1 områdeplan/overordna plan for Lindås Lokalsenter.

Pkt. 2 gjeld Lindåstunet.

Begge innspela er viktige, men det vi tek opp her gjeld pkt. 1, - **Plansituasjonen for Lindås.**

Lindås manglar områdeplan, dvs. plan som viser korleis infrastruktur og offentlege og private tiltak må henge saman for å få til eit «godt Lindås».

I gjeldande kommuneplan for Lindås er det krav (føreslege av administrasjon og vedteke av kommunestyret) om at områdeplan må vere utarbeida for Lindås før det kan vedtakast reguleringsplanar.

Konsekvensen av kravet, har dei siste åra, både for tiltakshavarar og administrasjon, ført til fordyrande, uoversiktleg og uvanleg sein sakshandsaming, i saker som er viktige for bygda.

Innspelet vårt til arealplanen (vedlegg 1) peika på problemet, med oppmoding om å få til løysing.

I tru på lovnader kommunisert i vedtekne retningslinjer, forventar vi direkte tilbakemelding, eller i alle fall, i administrasjonen si saksutgreiing og kommunen sitt vedtak, å finne svar på korleis kommunen ville svare ut innspelet, men ingenting har skjedd.

Lindås bygdelag sendte difor 27.02.23 spørsmål om arbeidet med arealdelen i kommuneplanen (Vedlegg 2).

I svaret frå kommunen si planavdeling (Vedlegg 3) kjem det mellom anna fram at: *«Innspelet er ved ein feil ikkje teke med i merknadsskjemaet. Vi er lei for den feilen»*

Etter å ha arbeidd opp mot administrasjonen i konkret reguleringsingssak i fleire år, der nettopp manglande overordna plan for Lindås har vore tema, har gjort at vi i praksis veit kor viktig dette spørsmålet er.

Korkje i svarbrevet, eller i etterfølgjande saksutgreiingar som brevet viser til, ser vi at den spesielle situasjonen som gjeld for Lindås er nemnt som noko som er viktig å løyse. Tvert imot er det antyda at administrasjonen har tankar om at dette plankravet vert teke ut: *«Administrasjonen til Alver kommune har ønskje om å tilrå at kravet om områdeplan vert tatt ut av kommuneplanen.»* (jf.

Vedlegg 3). Vi skal ikkje spekulere i om det har vore enklast for kommunen å utelate innspelet vårt om ein områdeplan for Lindås, eller om det er grunna ei forgløyming, men det er frustrerende å oppleve at overordna planlegging for Lindåsbygda blir sletta med eit pennestrøk.

Lindås Bygdelag ønskjer å vere ein positiv og konstruktiv medspelar i å utvikle Lindås lokalsenter til å verte eit av dei viktige lokalsentra Alver kommune skal byggjast på. Då må vi ha ein god og positiv dialog med Alver kommune, som byggjer på tillit og openheit og ikkje minst dialog.

Bygdelaget vil difor gjerne ha en orientering om når denne saka kjem opp? Vi ønskjer og innsyn i utgreiinga til administrasjonen knytt til tilråding om å ta krav om områdeplan ut av kommuneplanen.

Mvh

Arne Aven

For Lindås Bygdelag